



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Leite og Howden AS  
[post@logh.no](mailto:post@logh.no)

25.01.2021

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
6-21

## Høyringsuttale til oppstartmelding reguleringsendring for Breidablikk hytteområde - Hamsevikje, Skjåk

Hytteforeninga og grunneigar ynskjer å starte opp med endring av reguleringsplan for å kunne legg in vatn frå borebrønn i hyttene og reinsing/handtering av gråvatn/svartvatn: <https://www.skjaak.kommune.no/aktuelt/melding-om-start-av-planarbeid-revisjon-av-reguleringsplan-for-breidablikk-hytteomrade.45003.aspx>

I planinitiativet er det nokre element som vi ynskjer å kommentere.

Saksa frå protokoll frå oppstartsmøtet:

### 4. Omtale av planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet, jf. § 1, andre ledd, bokstav b)

Ingen endring av planavgrensing eller gjeldande plankart.

Fylkesmannen har i tidlegare klagebehandling peika på at innlagt vatn og avløp kan medføre auka trafikk inn i tilgrensande villreinområde. Hyttefelt ligg ikkje i villreinområdet, men i "fjord- og fjellbygder" (utviklingsområde). Kommunen meiner det må vere positiv samfunnsnytte i at hytter som allereie er bygd blir meir brukt når dei ligg utanfor villreinområdet.

Saksa frå planinitiativet:

### 6. Omtale av planområdet og om planarbeidet vil få verknadar utanfor planområdet, jf. § 1, andre ledd, bokstav b)

Inga endring på eksisterande forhold. Planområdet grenser inn mot villreinområdet. Vi meiner denne reguleringsendringa ikkje vil påverke villreinområdet, og det er positivt at allereie etablerte hytter blir meir brukt når dei ligg utanfor dette verneområdet.

Breidablikk hytteområde er i regional plan for Ottadalsområdet definert som sone B - randområde (ikkje sone C - "fjord og fjellbygder"). Dersom reguleringsendringa påverkar bruken av hyttene er det sannsynleg at det også vil påverke mengda ferdsel i området rundt. Dersom det er slik at hyttene blir meir brukt og det blir meir ferdsel i området rundt kan det vera negativt for villrein.



Saksa frå planinitiativet:

**13. Omtale av kva for offentlege organ og andre interesserte som skal bli varsla om planoppstart, jf. § 1, andre ledd, bokstav j)**

Fylkesmannen i Innlandet  
Innlandet Fylkeskommune  
Mattilsynet  
Kommunelegen  
NVE  
Statens Vegvesen  
Forum for natur og friluftsliv Innlandet  
Skjåk Allmenning  
Alle hytteeigarar (Hytteforeninga sender liste med epostadresser)

Iht regional plan for Ottadalsområdet skal villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen ha ei eventuell reguleringsendring til høyring. Vi er ikkje varsla om oppstart, men vil tru vi blir teke med som høyringspart når den kjem på høyring. Vi meiner det er viktig å få med konsekvensar for villrein tidleg i prosessen.

Saksa frå regional plan for Ottadalsområdet, side 25:

- Kommunane skal sende alle nye arealplanar, utbyggingssaker og inngrepssaker som kan påverke villreinen sine leveområde og livsvilkår til den regionale villreinnemnda for høyring.

Saksa frå planinitiativet:

**15d) Forslagsstillers foreløpige vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn etter KU-forskrifta § 10**

Vi meiner denne reguleringsendring ikkje fell under krav til konsekvensutredning då det skal utarbeidast en detaljert VA-plan for kvar enkelt hyttetomt. Denne reguleringsendringa vil fjerne fare for forureining av natur og miljø.

Når det gjeld omsyn til villrein er det samla belastning av tiltak ved fleire hytter som er interessant. Det kan ein vanskeleg fange opp gjennom ein VA-plan for kvar einskild hyttetomt.

Helsing

Johan Berge  
Leiar

  
Tor Taraldsrud  
Sekretær

Kopi til:

Skjåk kommune

Skjåk Almenning

Innlandet fylkeskommune

Statsforvaltaren i Innlandet